



Vi er inne i ei hektisk tid for basarar og innsamlingar og tysdag til veka skal konfirmantane rundt på bygda. Dei skal samla inn under den årlege Fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp.

Innsamlinga finn stad frå klokka 17 til 19 den 23. mars og det er grunn til å venta at konfirmantane blir godt mottekne også dette året. I fjor samla dei inn 8.883 kroner på dei to timane medan resultatet året før var rundt 11.000 kroner.

Men det seier seg sjølv at summen vil variera ganske mykje frå år til år avhengig avtalet på konfirmantar. Det er 13 dette året.

På biletet over er Rosemarie Andersen og Lene Storevik Myklebust klare til å gå ut under aksjonen i fjor.

(Fotoi: Ola Matti Mathisen)